

Traust totning

Kari Sollien ■ INTERVJUET AV LISBETH HOMLONG

Handlekraftig, uthaldande og med stålkontroll på tal og reknesykke er ord som vert brukt om vår fremste tillitsvinne. Dessutan bærer ho gjerne Stein, hogger ved og har fagkunnskap om alt frå fingerhekling til avanserte broderiteknikkar.



Den 43 år gamle totningen Kari Sollien vart i vår samrøystes valt som ny leiar i Allmennlegeforeningen. Ho har allereie lang fartstid som tillitsvalt, etter ti år i organisasjonen, dei to siste åra som nestleiar og skulle dermed vere godt rusta for oppgåva.

Den sindige opplendigen tek imot meg på Legenes hus på Christiania torv der ho loser meg trygt oppover korridorane opp til kontoret sitt i tredje etasje. Eg synast eg kan ane ein viss nervositet, men ho vert raskt varm i trøya, når dei politiske sakene kjem på dagsorden.

Vil gjerne bestemme

Kva likar du best med foreningsarbeid?

– Du meiner å spørre kva gevinsten er? Ho ser tenksamt ut vindaugen. – Det har eg tenkt mykje på i samband med at eg stilte meg til disposisjon for å bli leiar. Eg opplever at det er gevinstar på mange plan. Eg har eit ønskje om å mobilisere dei tillitsvalte på grasrota, det er viktig for meg. Det er også ein gevinst i å vere med og påverke og bestemme viktige rammevilkår for yrket vårt. Eg har nok ein driv etter å få vere med på å bestemme. Eg vinn også på det personlege planet. Eg møter mange kjekke folk, det er utruleg lærerikt, og eg får oppleve mykje.

Kva saker brenn du for?

– Før eg fekk dei sentrale verva, så engasjerte eg meg i arbeidet med legevakttenesta lokalt. Den interkommunale legevakta på Gjøvik er min baby. Den opna i februar 2005 etter ein lang prosess der saka hadde gått gjennom ei omfattande utgreiing og til slutt vedtak i sju forskjellige kommunestyre. Dette var ein svær lokal prosess som trengte forankring både i fagmiljø og på det politiske planet. Og vi fekk det til! Eg lærte mykje av dette, spesielt om korleis kommuner fungerer.

Legevakta er ei sak som står høgt oppe på dagsordenen, og i den nye regjeringserklæringa er det ei klar målsetning at legevakta skal satsast på. Kva tenkjer du om det?

– Ja, det har dei sagt! – Vi får sjå, legg ho til med eit talande smil. – Eg tenkjer at det

trengst! Og eg håper at satsinga får eit innhald. At det ikkje berre vert ord og fagreløfter. Når det er sagt; legevakta er den delen av den kommunale legestenesta som strevar mest, så her trengst det eit omfattande arbeid.

Kva gjer foreininga i høve til den saka no?

– Vi jobbar på fleire frontar. Det viktigaste er avtalen vi har med Kommunenes sentralforbund (KS). Der er det no brot i forhandlingane om rammeavtalen rundt legevakta i kommunene. Avtalen regulerer mellom anna arbeidsvilkår på legevakta, arbeidstid og vernebestemmingar. Vi ventar no på nemndbehandling. Elles er det også eit satsingsområde for Legeforeningens sentralstyre. Her handlar det meir om påverknad på politisk plan, å påverke politikarane til å bruke pengar på feltet.

Er det mogleg å få til forsvarlege arbeidskår i alle avkrokar rundt omkring i landet?

– Vi bør i alle fall få til at det skal vere støttepersonell til stades på alle legevakta. Framleis er det sånn mange stadar at legen står åleine og gjer alt sjølv, inkludert å ta telefonen. Her må ein satse på ei strukturell opptrapping, for å betre støtten rundt legevaktslegen.

Det spørrs om kommunene finn pengar i sine budsjett til å få dette til. Trur du ikkje det må politisk vilje på eit overordna plan for å få det til?

– Nei når det vert etablert kommunale akutte døgnsenger rundt omkring, som skal vere eit alternativ til sjukehusinnlegging, så er det eit håp om at kommunene vert meir merksame på det som skjer på legevakta. Hovuddelen av akuttinnleggingar til sjukehus frå primærhelsetenesta skjer på legevakta. Derfor bør det vere naturleg for kommunene å satse på legevaktsstenesta.

Sollien medgir at det er ei fare at legevaktslega mange stader vil få større ansvar og ei meirbelastning i samband med akutt-sengene, dersom det er dei same legane som skal gjøre dette arbeidet. Ho er klar på at det pr. i dag ikkje er kapasitet i legevaktsstenesta til å ta på seg dette arbeidet.

med tøl

– Ikkje den legevaktstenesta eg kjenner, i alle fall, legg ho lakonisk til. – Eigentleg har legevaktstenesta for därleg kapasitet slik det er i dag. Eg håper at vi framover kan få synergieffekter. At kommunene får eit incitament til å utvikle både eit godt døgntilbod og ei god legevakt.

Kvantitet og kvalitet

Er det andre saker som du – eller dykk – er spesielt opptatt av?

– Det er litt uvant dette med «vi meiner dette», og ikkje «eg meiner», men det må eg vel venne meg til, ler ho. – Men, uansett; opptrappingsplanen for fastlegeordninga er den andre store hovudsaka vi fokuserer på. Kapasiteten i fastlegeordninga må bli betre. Og kvaliteten. Men eit problem er at vi veit for lite om kvaliteten på tenesta vi tilbyr, utover at folk oppgir at dei er fornøgde.

Er ikkje det eit for grovt mål på kvalitet?

– I vårt samfunn er det eit viktig mål, men elles manglar vi instrument for å måle kvaliteten, medgir Sollien.

Har du tankar om korleis vi kan gjere dette betre?

– Vi har no fått igjennom at eit senter for allmenmedisinsk kvalitet, SAK, skal opprettast. Ei arbeidsoppgåve for SAK kan vere å utarbeide kvalitetsmål, og verkty for å måle og følgje opp desse. Slike typer verkty finst allereie og vi må bruke dei meir systematisk enn i dag. Både for lokal kvalitetsforbetring ute på ulike legesentra, som det har vore mest fokus på, men også aggregerte data på eit overordna plan.

Men då treng vi også ressursar for å få dei implementert, innvender *Utpostens* utsendte. Og ressurstilgangen er allereie eit problem. Når eg snakkar med allmennleiarar rundt omkring, så er folk generelt misnøgde med rammevilkåra, inkludert den därleg lønsutviklinga og dei aukande kostnadene til drift. Kva gjer foreininga med dette?

– Vi er opptatt av det heile tida, understreker foreningsleiaren, – og avtalane våre vert reforhandla regelmessig. Det vik-

tigaste verktyet vi har i den samanheng, er inntekts- og kostnadsundersøkinga. Der strever vi med därleg svarsprosent. Vi har ikkje fått den endelege rapporten for i år, men det ser ut til at vi får rundt 20 prosent oppslutnad. Sett i lys av at dette er det viktigaste forhandlingskortet vårt, skulle eg ønskja meg betre oppslutnad. Det er ikkje samsvar mellom dette og at folk klager over rammevilkåra. Vi må sjå på om vi kan endre undersøkinga på ein måte som gjer det enklare å svare.

Bekymring for framtida

Sjølv synast eg at det har blitt tyngre å vere allmennlege i løpet av dei ára eg har jobba som fastlege. Og eg er bekymra for korleis det skal bli i framtida. Både eg og mange andre opplever det slik. Korleis skal det gå med entusiasmen for faget?

– Eg har også opplevd det sånn. Vi får det travlare og travlare. Dette er ei utvikling som ikkje kan halde fram. Då vil det i verste fall bli slutt på heile fastlegeordninga. Opptrappingsplanen for fastlegeordninga er eit viktig tiltak i så måte. Det må endrin-gar til både på kapasitets- og kvalitetssida.

Kva konkrete tiltak er det som ligg i opptrappingsplanen?

– Dokumentet er utarbeida av AF og NFA i samarbeid. Den er konkret både på mål og verkemiddel, med tanke på rekruttering, vekst og for å halde på folk. Det er ikkje nok å rekruttere dei unge inn, vi må også halde på dei gode folka. Derfor ser vi på verkemiddel både i starten og slutten av ei fastlegekarriere.

Det er mange som gir seg, også i den eldre delen av fastlegekorpsset. Kvifor er det slik?

– Det er vel eit uttrykk for at du ikkje orkar å ha det så intenst travelt, kanskje. Og at det er därleg med rettrettmuligheter. Ingen seniorordninga.

Kva med delelisteordninga?

– I den delen av karrieren då ein har mykje kunnskap som ein kunne ha utnytta, så er det ikkje ei ålreit løysing at det einaste



*Opprusting av
legevaka og
opptrappings-
planen for fast-
legeordninga er
saker som står
på dagsorden
for den nye
AF-leiaren.*



valet du har er å trappe ned, og samtidig gå ned i inntekt. Dårlege pensjonsordningar er også ei utfordring. At ein må sørge for seg sjølv når det gjeld sjukdom og pensjon, er baksida av medaljen med å vere sjølvstendig næringsdrivande.

For min del må eg seie at fordelane med å vere sjølvstendig fortsatt tel positivt på vektskåla. Meiner du at framtida ligg i at alle skal vere fastløna?

– Nei, det meiner eg ikkje, seier ho bestemt. – Det er veldig mange fordelar med å vere næringsdrivande. Det å ha eigeskap til eigen praksis gjer at du investerer meir i praksisen – på fleire plan. Stykkpris har også ein positiv verknad på effektivitet og ventetid, sjølv om ein kan diskutere om det kan ha gått for langt. Men eg trur ikkje vi skal slå heilt om til den andre sida.

Likar å treffe folk

Kva likar du minst med å vere tillitsvald?

– Det har eg ikkje tenkt på!

Likar du alt?

– Eg likar ikkje alt like godt. Situasjonar der eg må fronte saker eg ikkje er heilt samd i, kan vere ei utfordring. Dersom vi som foreining har fatta eit vedtak eg ikkje

er heilt komfortabel med, så kan det kjenest litt ubehageleg å vere i front. Og der som foreininga har ei mening, ein etablert politikk, då er det den som gjeld. Det hender eg må gå på akkord med meg sjølv, noko som ikkje alltid er like greit.

Kva trivst du best med?

– Ut og treffen folk! Medlemsmøter der mange møtest for å diskutere utvikling av politikk saman.

Trivst du godt med å vere i front?

Ho drar på det.

– Eg veit ikkje heilt. I utgangspunktet har eg ikkje eit stort behov for å eksponere meg sjølv. Men det er ein del av jobben som eg må tale. Inntil no har eg sluppe eit stort fokus på meg sjølv, sjølv om eg har delteke på alle arenaer der eg ha hatt påverknadskraft. Så dette er nytt med leiarrolla.

Er det spesielle eigenskapar du har som gjer at du eignar deg for å vere leiar?

– Eg veit ikkje om eg er så ekstraordinær på nokon måte. Eg meiner at eg er lyttande og raus som type. Og at eg slepp til andre og gir dei lov til å vere gode på det dei er gode på.

Beslutningsdyktig er eit ord som går igjen.

Kari Sollien trivst med fagforeningsarbeid og vil gjerne vere med å bestemme.



– Ja, og handlekraftig, supplerer ho. – Det er nok ingen som synast at eg er vinglete. Men samtidig er eg ikkje redd for å skifte mening dersom eg skjørnar at eg har tatt feil. Det er ikkje sånn at når eg har bestemt meg for noko så held eg på det. Eg kan klare å ta beslutningar og leve med at eg tok feil i etterkant, så lenge risikoene ikkje er for stor.

Ein allmennlege må vere beslutningsdyktig, men samtidig leve med at han av og til tar feil. Er dette noko du har lært av yrket ditt?

– Eg trur eg alltid har vore slik. Samtidig er eg slik at eg tenker positivt, at ting helst vil gå godt. Eg er optimistisk av natur.

«Stuck»

Den nye AF-leiaren har jobba i allmennpraksis sidan 1999, og fram til september i år jobba ho som fastlege på Kapp legesenter på Østre Toten, med ansvar for omkring 900 listepasientar. Vervet i foreininga betyr at ho er heilt ute av klinisk allmennpraksis etter å ha vore fast fastlege i 13 år. Ho vil bli sakna av pasientane sine, men fortel at mange også er stolte og har ønskja ho lukke til.

– Akkurat no ser eg praktisk på det, legg ho til. – Det hadde ikkje vore mogleg å få til begge deler. Men eg saknar arbeidsmiljøet og kollegane mine. Eg har tatt farvel med nokre av favoritpasientane mine, dei som er veldig gamle, som kanskje ikkje er der når eg kjem tilbake.

Skal du tilbake i praksis etter at du er ferdig med vervet?

– Ja, pr. i dag har eg ingen planar om å bytte arbeid. Utgangspunktet mitt er to eller fire år borte. Då er eg uansett godt under 50 og ser for meg fleire gode år i praksis. Det at eg no jobbar for den jobben eg skal tilbake til, er bra i høve til min funksjon i leiarvervet i dag.

Kvifor blei du allmennlege?

– Eg hadde tenkt å bli kirurg, svarer ho kjapt. – Men så vart eg gift med ein bonde på Toten. Dessutan trivst eg, og det var viktig. Seinare skilde eg meg frå bonden, men ikkje frå allmennpraksis.

Marit Hermansen, leiar i Norsk forening for allmennmedisin (NFA) har sagt at framtida i norsk distriktsmedisin ligg i at kvinnelege legar giftar seg med bønder.

– Ja, då er du «stuck», ler ho. – Eg er sjølv mor til ei odelsjente, så eg er like opptatt



Den nye AF-leiaren vår er ikkje redd for fysiske utfordringar. Her er ho på toppen av Preikestolen.

av landbrukspolitikk som helsepolitikk. Dottera mi er 13 år og går på ungdomsskulen.

Kva er du interessert i utanom fag og foreining?

– I kvarvarden blir det lite tid til anna. Men eg har vore flink til skilje mellom jobb og fritid. Det er verre som foreningsleiar. Det er ei rolle eg går inn i i større grad enn i legejobben, så det kan vere vanskeleg å leggje vekk telefonen. Elles likar eg å drive med praktisk fysisk arbeid. Eg går gjerne, både på beina og på ski. Eller bærer Stein rundt i hagen. Når eg sit, strikkar eg.

Kva er det du strikkar for noko då?

– Alt mogleg. Akkurat no restegarnssokkar. Eg har gått eit år på husflidskule. Teikning, form, farge og sørn. Så eg kan alle moglege teknikkar innan handarbeid. Eg hadde dessutan ei mormor som passa på oss unga medan foreldra våre var på jobb. Ho heldt familien gåande og lærte meg strikking og anna handarbeid.

Traust totning

Det høyrest kanskje litt kjedeleg ut dette, at eg berre er interessert i strikking og bæ-

ring av Stein, hogge ved og andre bondske saker, innvender intervjuobjektet når vi nærmare oss slutten av samtalet. Ho skundar seg å leggje til at ho også likar seg i byen. Skal ho og ektemannen kose seg ei helg, reiser dei til København eller ein anna storby. Italia er ein favoritt. Ho snakkar dessverre ikkje italiensk sjølv, men er glad i det gode liv, italiensk mat og vin. Ho studerte dessutan i Oslo på 90-talet, og føler seg nesten som tilbake i studiedagane når ho tek handveska og ruslar frå sentrum og oppover mot Bislett, der ho har ei leilegheit. Ho trivst med det.

Er det elles noko vi treng å vite om deg?

– Eg er ein traust totning som jobbar langsiktig, det er sanninga.

Trond Egil Hansen (den førre leiaren i AF) meiner at du bruker Toten-dialekta di for det den er verd?

– Det er berre den eg kan!

Han meiner at du dermed framstår mindre arrogant enn dei som snakkar glatt Oslo-mål?

– Det kan vere rett! Det påverkar korleis folk oppfattar meg – på godt og vondt. Eg høyrest kanskje ikkje like smart ut. Det høyrest ille ut, men slik er det. Toten-dialekta vert brukt når noko skal vere artig eller koseleg – og bondsk. Kjell Inge Røkke gjorde narr av Sylvia Brustad (ho er rett nok ikkje er fra Toten, men Hedmark) – han som har ei brei dialekt sjølv. Han kunne likevel tillate seg å gjøre narr av dialekta hennar. Av og til er folk meir opptatt av forma enn innhaldet. For nokre verkar dialekta mi slik at alt eg seier blir artig eller koseleg. Og det er eg ikkje alltid ute etter. Men alt i alt er der fleire fordelar enn ulemper.

– Når han Sigbjørn Johnsen kan, så kan je!

« Eg er ein traust totning som jobber langsiktig, det er sanninga »